

SAKSUTGREIING

Aurland fjellstyre

Møtedato: 8.6.21

Stad: Fjordsenteret

Sak 23/21. Plan for fiskeutsetjinga i Aurland statsallmenning 2021

Saksopplysning/vurdering:

Fjellstyret vedtek til vanleg ein plan for utsetjinga før kvar sommar. I dei regulerte vatna skjer fiskeutsetjinga i samsvar med reguleringspålegg til E-co. Desse vatna vert såleis ikkje omfatta av fjellstyret sin plan for fiskeutsetjing. Når utsetjingsplanen for dei uregulerte vatna vert laga, vert det teke omsyn til kva som er utsett dei siste åra, arealet til vatna, fiskeintensitet, og erfaringar med tidlegare nytta utsetjingsnivå. Arealet til vatna vert henta ut frå fiskestellplanen for Aurland kommune, som vart utarbeidd i 1999. Erfaringa så langt, er at denne praksisen har gjeve høvelege bestandar med fin fisk i dei aller fleste av dei uregulerte vatna.

I forvaltingsplanen for Aurland statsallmenning er det m.a. sagt følgjande:

«For å halda oppe fiskebestandane er fiskeutsetjing naudsynt i dei fleste vatna. Totalnivået på den årlege fiskeutsetjinga i uregulerte vatn i statsallmenningen bør liggja på 5-7000 sommargamle setjefisk. I tillegg kjem Hafslund E-CO sine pålagde utsetjingar i regulerte vatn. All fisk vert kjøpt frå Aurland Setjefisk sitt anlegg. 5-10 setjefisk pr. hektar vassareal er høveleg årsgjennomsnitt i vatn der det vert fiska ein del. Talet bør ikkje overstiga 20 sommargamle setjefisk pr. ha. i noka einskildutsetjing. Erfaring viser at høgare utsetjingstal kan gje for tette bestandar. Fjellstyret vil halda på ein utsetjingsturnus som inneber utsetjing annakvart år i vatn der det vert fiska ein del, sjeldnare i vatn der det vert lite fiska. Fjellstyret vil redusera fiskeutsetjingane i vatn der det syner seg at det har vorte for tette bestandar. Utsetjinga av fisk bør i hovudsak framleis gjerast på dugnad av interesserte bygdafolk. Som påskjøning for innsatsen vert dei som er med tildelte eit sesongkort for garnfiske».

Det har vist seg at det kan løna seg å vera varsam med kor mykje ein set ut, og heller setja ut litt i mindre enn å risikera at det vert for tette bestandar. Dette er ein strategi som har vore nytta på heile 90- og 2000-talet, med særskilde gode resultat i mange vatn, når ein ser på dei flotte fangstane som er tekne opp både på garn og sportsfiske dei siste sesongane. Utsetjingsplanen som ligg ved er laga på grunnlag av føringane i forvaltingsplanen og dei opplysningane fjellstyret har om dei einskilde vatna.

Framlegg til vedtak:

Fiskeutsetjinga i Aurland statsallmenning sommaren 2021 vert gjennomført i samsvar med plan som ligg ved saka. Det vert tinga 5000 setjefisk frå Aurland Setjefisk SA.

Fjellstyrekontoret, den 31.5.21

Harald Skjerdal

FISKEUTSETJINGA I AURLAND STATSALLMENNING 2021 - plan

Vatn	m.o.h.	Areal hektar	Sist utsett	Framlegg	Utsetjar
Austfjelli:					
Norddalsvatnet	1434	115	2018	600	
Toddyvatnet	1491	10	2017	150	
Bukkaholmvatnet	1529	40	2017	400	
Vetlemelavatnet	1466	30	2017	250	
Heimste Melavatnet	1438	25	2019	200	
Fremste Melavatnet	1448	35	2019	300	
Vatn v. Langehaug	1470	3	2014	100	
Langavatnet v. Langafonni	1582	50	2017	400	
Rynjulsvatni	1426	15	2016	200	
Grønebotnvatnet	1427	11	2018	200	
Breibakkavatni	1440-58	30	2016	250	
3 småvatn v. Volanutane	1550	10	2013	150	
Sum Austfjelli				3200	
Vestfjelli:					
Øvste Dyranosvatnet	1471	17	2018	200	
Øvste Berdalsvatnet	1512	40	2017	400	
Øvste Mellomvatnet	1458	10	2017	150	
Namnlausvatn Skoma	1449-56	165	2018	600	
3 småvatn Eitra	1438-54	15	2016	200	
Vatn ved Skavlaklørne	1475	8	?	100	
Sum Vestfjelli				1650	
Totalt				4.850 stk	